



Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga v/ Marte Hagen Eriksrud
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.: **Vår ref.:** 16/178-2 **Arkivkode:** K2 - N00 **Dato:** 09.05.2016

Høyring NTP - Innspel

Tidlegare riksveg 7, no fylkesveg 7 blei overført frå staten til Hordaland fylkeskommune som del av regionreforma i 2010, og er slik blitt del av det fylkeskommunal vegnettet. Granvin herad vil her argumentera for at FV7 har nasjonale oppgåver som avlastningsveg for E16, og bør av denne grunn vurderast i samanheng med denne vegstrekninga.

Behovet for auka fokus på Fv 7 Granvin – Øystese er knytt til tre gjensidig avhengige forhold. For det første har den generelle trafikken i regionen auke monaleg, særleg etter opninga av Hardangerbrua i 2013. Det andre momentet er knytt til FV7 som avlastningsveg for E16. Dei siste åra har det vore ein jamm auke i stengingar på europavegen mellom Trengreid og Voss (KVU Voss-Arna, 2014:6). For det tredje har klimaendringane medført auka skredfare og dermed stengte vegar både på E16 og FV7

Skredfarens er sterkt knyttet til lokale terrengforhold, men været er en viktig utløsningsfaktor. I bratt terreng vil klimautviklingen særlig kunne gi økt hyppighet av skred som er knyttet til kraftig nedbør (KLIMA I NORGE 2100, 2015:12).

Når den til dels smale og uoversiktlege Fv7 Granvin - Øystese skal handtera trafikken mellom Oslo – Bergen i tillegg til lokal og regional trafikk, er dagens standard ikkje haldbar i lengda. Som avlastningsveg for E16 er det særskilt viktig at den Fv 7 Granvin – Øystese rustast opp til ein standard som kan tåla denne belastninga. I dei periodane som E16 har vore stengd, har trafikkavviklinga vore svært krevjande med kolonnekjøring over fleire mil og lange køar gjennom Granvin og Øystese.

Til liks med E16 Voss – Trengereid, er Fv 7 svært skredsutsatt. Det er no ferdigstilt ein tunell (Haukanes), og neste tunell gjennom Lussandberget skal ferdigstilla i løpet av 2016. Det er framleis fleire strekningar som er kritiske, og særleg strekninga Kvanndal – Granvin har låg standard og er utsett for skred. To av punkta er allereie vurdert som særleg utsett og har høg prioritett frå Statens vegvesen (Strekningsvis utgreiing – overordna fylkesvegar Ulvik – Trengreid, september 2015).

Generell utbetring av vegen og utbetring av dei skredutsatte punkta, er naudsynt å oppgradera før ein startar arbeidet med ny veg- og bane mellom Voss – Arna. I anleggsperioden kan ein venta større press på FV7 og det er naudsynt å planleggja trafikkavviklinga etter dette.



Postadresse:
Postboks 13, 5733 Granvin
Besøksadresse:
Hardangervegen 2581

Telefon:
56 52 40 00
E-post: postmottak@granvin.kommune.no
Internettseite: www.granvin.kommune.no

Org.nr.:
844162502
Bankkontonr.:
6501 05 67305

Med helsing

Ingebjørg Winjum
Ordførar
Telefonnummer: 40403863